

Biologiske undersøkingar i vassdrag og brakkvatn i Straumsnes i 1999.

Innhald: Notatet inneheld oppsummering av to dagars feltarbeid i Ulsetelva, i vassdraget som inneheld Langvatnet naturreservat og i Straumsvågen. Arbeidet vart utført 20.09. og 23.09.1999. Arbeidet er utført for statlege tilskotsmidlar til registrering av biologisk mangfald.

Mål: Målet var å betra den biologiske kunnskapen om dei undersøkte områda. Denne kunnskapen kan t. d. vera nyttig i samband med kommunal overtaking av forvaltninga av Langvatnet naturreservat. Ulsetelva inneheld særlege utfordringar fordi den har ein god bestand av den sårbare elvemuslingen. Straumsvågen er eit av få større brakkvassområde i fylket vårt, og slik sett viktig å få meir kunnskap om.

VASSDRAGET SOM INNEHELD LANGVATNET NATURRESERVAT.

Skildring av arbeidet:

I følgjande vatn er vegetasjonen i vatnet og næraste omgjevnad undersøkt ved å gå rundt vatna: Litl-vatnet ved Vassbotn, Asplivatnet, Årøyvatnet og Langvatnet. Vidare er elva befart mellom Litlvatnet og Storvatnet, strendene ved Storvatnet ved innløpsosen frå Litl-vatnet, den delen av bekken mellom Nøsavatnet og Storvatnet som ligg nærast riksvegen, elva mellom Asplivatnet og Årøyvatnet, mellom Årøyvatnet og Langvatnet, og mellom Langvatnet og Øvervågen. Nøsavatnet er berre betrakta på avstand med kikkert.

Litl-vatnet ved Vassbotn

Vatnet har flaskestorrbelte rundt heile, med ein del gulldusk, myrhatt og elvesnelle. Innløpsbekken ved riksvegen er middels frodig med strandrøyr som mest nitrofile innslag, elles flaskestorr, nyseryllik, englodnegras, gulldusk og bukkeblad.

Bekken frå Litlvatnet til Storvatnet

Bekken har innslag av nitrofile planter som mannasøtgras, amerikamjølke og strandrøyr. Ved innløpet i Storvatnet vart det observert grønske. Vidare finst rusttjønnaks, gulldusk, myrhatt, vendelrot, knappsiv, grøftesoleie, nyseryllik, soleihov, sumpkarse og skogrøyrkvein. Langs bekken veks og gråor og øyrevier.

Storvatnet

Storvatnet på begge sider av innløpsbekken frå Litlvatnet har sandstrender med sparsam vegetasjon. I og ved innløpsosen vaks gulldusk, grøftesoleie, froskesiv, dysiv, myrklegg, myrhatt, blåtopp, englodnegras, pors, myrmaure, rusttjønnaks, og dei nitrofile artane amerikamjølke, høymole og mannasøtgras. Strendene rundt hadde ikkje innslag av nitrofile artar. Eit framandt innslag er hagelupin som spreier seg på strendene. Stadvis i vatnet finst felt med flaskestorr. Ute i vatnet finst botnegras, krypsiv, tusenblad, flotgras og elvesnelle.

Bekken mellom Nøsavatnet og Storvatnet

Bekken vart oppsøkt nærast riksvegen på begge sider. I og langs kanten av bekken veks elvesnelle, bukkeblad, grøftesoleie, skogrøyrkvein, flaskestorr og engminneblom. Det vart og funne sverdlilje. Mellom riksvegen og Storvatnet vart det funne ein rikmyrflekk ved bekken.

Her vaks breiull, kornstorr, særbustorr og småsivaks. Ved innløpet i Storvatnet vaks m. a. mjødukt, sløkje og myrtistel langs bekken. Bekken er truleg lite til moderat påverka av næringstilførsel.

Nøsavatnet

Vatnet vart berre observert frå riksvegen. Det synest å vera dominert av flaskestorrbelte, og ingen særleg frodige felt vart observert, men vatnet er ikkje vidare undersøkt.

Asplivatnet

Asplivatnet er ein del av Langvatnet naturreservat. Vatnet har takrøyrvegetasjon i dei sørlege og austlege delene, vidare ein god del trådstorrsump og flaskestorrsump med gulldusk, noko elvesnellevegetasjon og noko vegetasjon dominert av bukkeblad. Ute i vatnet vaks vanleg tjønnaks, tusenblad, kvit nøkkerose og krypsiv. I vasskanten vaks elles krypsoleie, myrmaure, lyssiv, sølvbunke, bekkestjerneblom, mjødukt, sumpkarse, vendelrot, mannasøtgras, smalsoldogg, myrhatt, myrklegg. I eit lite tilførselssig i nord vart det funne kysttjønna. Det vart observert frosk. Indre deler av sumpvegetasjonen i sør blir beita av storfe. I nordaust går eit granfelt heilt ned til vatnet. I vest ligg eit nydyrkingsfelt. Siktedjupet vart anslått til ca. 2 meter. I sørvest går ein kanal med grøftevatn frå dyrka mark. I og ved kanalen vaks frodig mannasøtgras, strandrøyr, lyssiv, gulldusk, bekkestjerneblom, knereverumpe, ein ubestemt vasshårart og paddesiv. Saman med flytande algeskum på vatnet i kanalen indikerer dette noko tilførsel av næringsstoff.

Ved elva som renn inn i Asplivatnet frå nord vart det funne eit par svartorer rundt 50 meter opp frå vatnet.

Elva mellom Asplivatnet og Årøyvatnet

Elva hadde lita vassføring ved besøket, og må nærast karakteriserast som ein bekk. I stilleflytande parti vaks mannasøtgras, tusenblad, flotgras, rusttjønna og kysttjønna. I kanten vaks mjødukt, soleihov, vendelrot, gulldusk, sløkje, stornesle og engminneblom. Kantskogen består av gråor, øyrevier, bjørk, rogn og furu. I elva vart det observert litt grønske og dessutan ferskvass-svamp.

Årøyvatnet

Årøyvatnet er ein del av Langvatnet naturreservat. Vatnet er omkransa av skog, plantefelt, myrer og noko dyrka mark og beite. Det finst spreidd takrøyrvegetasjon ved innløpsosen i nord, ved Høybuhaugen, på vestsida vest for holmen og i utløpsosen. Resten er i stor grad trådstorrsump og noko flaskestorrsump, vidare litt elvesnelle, bukkeblad og myrhatt. I sumpvegetasjonen finst elles skogrøyrkvein, gulldusk, myrmaure, myrmjølke, soleihov, grøftesoleie, sumpkarse, duskull, myrklegg, stjernestorr, smalsoldogg, pors, blåknapp og mjødukt. Ute i vatnet veks kvit nøkkerose, tusenblad, vanleg tjønna, krypsiv og botnegras (sistnemnde på NV-sida mot innløpsosen). Kantskogen består av øyrevier, gråor, bjørk, rogn og litt furu og selje. I nordvest ligg ein liten haug med hasselskog som også blir beita. I dette området blir også sumpvegetasjonen beita. I søraust kjem det inn ein meandrerande bekk med rusttjønna og kysttjønna, og bekkeblom, strandrøyr og krypsoleie i kanten.

Elva mellom Årøyvatnet og Langvatnet

Elva er stilleflytande fram til vegen til Åsen, deretter fell ho ned mot Langvatnet. I det stilleflytande partiet finst i stor grad same slags vegetasjon som i Årøyvatnet: trådstorrsump, flaskestorrsump, elvesnelle, litt takrøyr, kvit nøkkerose, flotgras, vanleg tjønna, tusenblad, bukkeblad, myrhatt, skogrøyrkvein og kantskog av øyrevier, gråor, rogn og bjørk.

Langvatnet

Langvatnet er det største vatnet i naturreservatet. Vestre del (vest for innsnevringa ved Bjørkås) er grunn med mykje sumpvegetasjon, medan austre del er noko djupare med brattare strender og meir sparsam sumpvegetasjon. Omgjevnadene består av myr, dyrka mark, lauvskog, granplantefelt og blandingsskog. Riksveg 65 går nær vatnet på sørsida, men berører ikkje strendene. I nordaustre del finst spreidd svartor på nordsida og ved utløpsosen. Også nedanfor Åsen finst nokre svartorer på nordsida av vatnet.

Sumpvegetasjonen i vest består dels av takrøyr, dels av flaskestorr- og trådstorrsump. Takrøyrsump finst mest på sørsida mellom Solstad og Hauan, vidare heilt i nordaustenden til oppover myrane og i utløpsosen. Sumpvegetasjonen elles besto av m.a. gulldusk, brønnkarse, elvesnelle, myrhatt, bukkeblad, sumpkarse, grøftsoleie, åkermynte og trådsiv. Ute i vatnet i vestre del fanst kvit nøkkerose, vanleg tjønnaks og krypsiv, men meir enn dette var vanskeleg å kartlegga utan båt.

Rundt innløpsosen er det eit stort sumpområde med svært produktiv og frodig, dels nitrofil vegetasjon. Av nitrofile planter kan nemnast strandrøyr, takrøyr, vendelrot, sløkje, mjøurdurt, krypsoleie, stornesle, høymole, hundekjeks og amerikamjølke. Både skogen og sumpvegetasjonen legg i dag beslag på eit mykje større areal enn på økonomisk kart basert på situasjonen i 1967. *Når ein samanliknar dagens situasjon med økonomisk kart synest det som at 30-40 % av arealet vest for Bjørkås har grodd att med sumpvegetasjon, dels også busker og skog på desse 30 åra.* Myrområdet sør for vestenden av Langvatnet har vidare mykje mjøurdurt og sløkje, som er næringskrevande planter.

Det vart funne tre punktutsløpp på sørsida i vestre del av vatnet, og rundt desse vaks frodig, nitrofil vegetasjon generelt og frodig takrøyrvegetasjon spesielt. Det første og viktigaste punktet var eit røyr som munna ut nedanfor Solstad. Her er det rikeleg med soppbegroing ("lammehalar") frå røyrmunningen og langt utover. Vidare vaks her fleire nitrofile planter, m.a. amerikamjølke og ein vasshårart, truleg dikevasshår, i tillegg til frodig takrøyr og myrtistel, skogrøyrkvein og mjøurdurt. Det neste punktet låg nedanfor Bjørkås. Her var også kraftig takrøyr, amerikamjølke, grasstjerneblom, bekkestjerneblom, kraftig flaskestorr og gulldusk, og truleg dikevasshår. Det tredje låg rundt 100 meter aust for det forrige. Her var vegetasjonen liknande, også med eit takrøyrbelte på nordsida av vatnet (rett aust for det smalaste partiet i vatnet).

I austre deler av Langvatnet finst meir sparsam og litt annan type sump- og vassvegetasjon med meir botnegras, vanleg tjønnaks, flotgras og spreidd flaskestorr. Botnen er som nemnt meir hellande, vatnet er djupare og substratet er meir dominert av grus.

Elva mellom Langvatnet og Øvervågen

Elva er først stilleflytande med flaskestorr- og takrøyrsump, men på nersida av vegen fell ho bratt ned i Øver-vågen. Tidlegare var det her oppdemt (jfr. økonomisk kart frå 1967). Ved riksvegen på øversida kjem ein liten bekk inn i elva. Her vart det observert litt frodig vegetasjon. Langs elvekanten finst fleire stader svartor.

ULSETELVA, MØKJAVATNET OG KRAMLIVATNET

Skildring av arbeidet:

Ulsetelva frå utløpet opp til saga er undersøkt. Vidare er Kramlivatnet undersøkt ved å gå rundt vatnet, medan Møkjavatnet er undersøkt ved Urdalen i nordvest og frå Møkjavassøya til utløpet.

Ulsetelva

Elva er av særleg interesse fordi ho framleis har ein god bestand av elvemusling. Dette er ein raudlisteart som er kravstor når det gjeld vasskvalitet og svært sårbar for ureining, nedslamming, regulering og andre vassdragsinngrep. Vassdrag med gode bestandar av denne arten er uvanlege og verdifulle både regionalt og på landsplan. Vidare er larvane parasittar på fisk, særleg aure, og er derfor avhengig av ein livskraftig aurebestand. Tidlegare vart bestandane ofte omsynslaut utrydda i jakt på perler. Det er derfor mykje som skal klaffa for at denne arten skal trivast. To elevar ved Tingvoll vidaregåande skole (Lillian Sponås og Mona Rustad) har i 1996 taksert bestanden i Ulsetelva til 70-80 000 muslingar. Det vart og observert små muslingar, noko som tyder på at bestanden rekrutterer seg iallfall i einskilde år. Elevane har også teikna bestandane inn på kart.

Elva strøymer nokså roleg i nedre del, med mange grunne kulpar der vatnet strøymer sakte gjennom. Mellom idrettsplassen og saga er det litt meir fall i elva og mindre grus, derfor også mindre elvemusling. Den største delen av bestanden finst mellom idrettsplassen og utløpet. Kantskogen langs elva består mest av gråor, men med varierende innslag av rogn, bjørk, gran og furu.

Ved befaringa frå utløpet til saga vart det notert at vassføringa berre såvidt er tilstrekkeleg til at muslingane ligg under vatn mange stader. Daudt lauv legg seg på botnen over skjela fleire stader (ved befaringa 23.09. var lauvfallet berre såvidt begynt). Låg vassføring gjer at elva reinskar seg dårleg for lauvfallet.

Det er også i minste laget med vatn for auren mange stader. Det vart observert svært få bekkeaurar før dei siste par hundre metra nedanfor saga. Storleiken var jamt over 5-15 cm. Nedanfor skytebanen vart det sett berre ein levande og ein daud bekke aure. Det er usikkert kva som er årsak til dette. Ein god aurebestand er som nemnt viktig for skjela.

På grusbankar i nedre del av elva vart det over ei strekning på rundt 50 m funne fleire hundre daude skjel, ca. 10 daude skjel pr. meter. Det er usikkert om dette er individ som har døydd ein naturleg død eller om dei har døydd på grunn av variasjonar i vassføringa. I ein stabil bestand på 70-80000 individ med ein gjennomsnittleg levealder på 40-50 år vil ein forventa at rundt 1500-2000 dyr dør pr. år.

Det vart observert ein del grønske langs heile strekninga, men mest nedanfor skytebanen, og stadvis vart det her notert "mykje grønske". Fleire stader i stilleflytande parti vart det observert bestandar av tusenblad begrodd med grønalgar. Både grønske og tusenblad legg seg som eit teppe over botnen og vil vera svært uheldig for muslingbestanden om det held seg eller aukar på - skjela treng klårt, reint vatn utan begroing, og særleg dei unge skjela som ligg nede i sanden treng god gjennomstrøyming av friskt vatn; elvemusling er generelt svært sårbar for begroing (Gøsta Kjellberg, NIVA pers. komm.).

Ved skytebanen er det bygd ei bru over elva. Det er her nytta ca. 10 kreosotimpregnerte pålar som er i kontakt med elvevatnet. Det er kjent at muslingar tek opp PAH, kreosotkomponentar og mange andre miljøgifter.

Det blir vidare arbeidd med ein ny bane lenger opp, og der nyttar ein traktorkøyning over elva. Dette har truleg liten innverknad dersom ein unngår å grava i elva eller gjera andre ting som tilfører finsediment i vatnet. Det vart elles observert at elva fleire stader grev i naturlege leirmassar. Oftast blir desse harde og forvittrar seint, men dei kan tenkjast å vera ei kjelde til slamtilførsel i periodar.

Møkjavatnet

Møkjavatnet er undersøkt ved Urdalen i nordvest og frå Møkjavassøya til utløpet. Ved Urdalen vart det notert trådstorrsump med innslag av flaskestorr, tusenblad og bukkeblad. I sumpen vaks elles pors, frynsestorr, tranebær, myrhatt, engkvein, myrklegg, bekkestjerneblom, myrmjølke, ryllsiv, sumpkarse, kjeldeurt, blåknapp, geitsvingel, stjernestorr, klokkelygng og kvitmyrak. Ute i vatnet vart det observert kvit nøkkerose, elvesnelle, truleg sumpsivaks (obs. med kikkert), truleg sumpbærerot, og ein del vanleg tjønnaks. Nedst i Urdalen og ned mot vatnet vart det observert nitrofil vegetasjon med amerikamjølke, mjødurt, skogrøyrkvein m.m. Her vart det også sett ein kum. Like nordafor i ein bratt dal ned mot vatnet vart det observert mykje nitrofil vegetasjon med storvaksen stornesle, strandrøyr, høymole, engsyre, myrtistel, sølvbunke, krypsoleie og mjødurt. Ved utløpsosen vart det sett ein kum, og nedafor denne var vegetasjonen nitrofil. Mellom utløpet og Møkjavassholmen kjem det ut ein bekk/sig, og også her er vegetasjonen nitrofil med amerikamjølke, mjødurt og myrtistel. I skråninga ned mot vatnet låg det her elles ei artsrik naturbeitemark.

Kramlivatnet

Kramlivatnet ligg i utmark omkransa av granplantefelt, furuskog og myr. I vest kjem det likevel inn ein kanal frå eit dyrka felt ovafor. Denne kanalen og innløpet i vatnet har frodig nitrofil vegetasjon med mannasøtgras, mykje vasshår, mjødurt, høymole, sløkje og vendelrot. Det vart observert algeskum på vatnet i kanalen. Både vestre del av vatnet ved innløpsosen og austre del ved utløpsosen har kraftig takrørvegetasjon som var bortimot 3 meter høg. Dette tyder også på god næringstilførsel. Vegetasjonsbeltet i vatnet besto av trådstorrsump med flaskestorr, gulldusk, elvesnelle og bukkeblad. Andre noterte sumpplanter var pors, blåtopp, blåknapp, myrklegg, soleihov, myrmjølke, rome, duskull, stortranebær og kvitlyng. Ute i vatnet vart det observert vanleg tjønnaks, kvit nøkkerose, i utløpsosen også rusttjønnaks og grøftesoleie.

Trugsmål og omsyn når det gjeld elvemusling

Viktigaste trugsmåla mot elvemuslingen i Ulsetelva er ein kombinasjon av låg vassføring, næringsaltpåverknad, påfølgjande begroing, og nedslamming med m. a. daudt lauv eller finsediment. Faktorar som reduserer aurebestanden vil også verka negativt. Ein bør unngå gravearbeid i alle deler av vassdraget fordi nedslamming kan bli fatalt for muslingane. Fleire observasjonar tyder på at vassføringa kan vera i minste laget. Vassverket bør sørgja for både vårflom og haustflom i vassdraget (kjelde: Gösta Kjellberg, NIVA, Austlandsavd.). Ein bør vurdera å be vassverket å dokumentera tilhøva betre (konsekvensar av vassføring, overvaking av vasskvalitet, begroing, bestandsstorleik, rekruttering og bestandsendringar) for å sikra at bestanden av elvemusling ikkje blir skadelidande på lengre sikt. Kommunen kan gje slikt pålegg. Både Møkjavatnet og Kramlivatnet er noko påverka av næringstilførsel. Dette kan i neste omgang tenkjast å påverka heile den strekninga av Ulsetelva som har elvemusling. Ein

bør vurderer tiltak for å begrensa den næringa som måtte koma frå desse to vatna. Kreosotpåverknad frå brua ved skytebanen er ein faktor som truleg ikkje trugar muslingbestanden, men det beste ville vera å ikkje ha denne påverknaden (kjelde: Gösta Kjellberg, NIVA, Austlandsavd.).

STRAUMSVÅGEN

Skildring av arbeidet:

Nervågen er undersøkt i austre deler ved Straumen og i ei bukt ved nokre hytter rett nord for Indre Stølhaugen. Øvervågen er undersøkt i og ved Øver-straumen, i Bjønnavika og innover stranda til Knutkammen, vidare den inste kilometeren på sørsida mot utløpet av Ulsetelva og i tillegg området rundt utløpet av elva frå Langvatnet.

Nervågen

Vatnet i Nervågen smakar nokså salt ved Straumen, kanskje litt mindre salt ved Øverstraumen. Brakkvasspollar er i utgangspunktet nøkkelbiotopar (DN-handboka). Størstedelen av Nervågen har mykje tang (særleg grisetang og blæretang). Siktemålet med undersøkinga var særleg å leita etter brakkvasstilpassa artar av planter m.m. I ei grunn vik rett nord for Indre Stølhaugen var det gode førekomster av småhavgras og skruehavgras. Skruehavgras er ein sjeldan art både regionalt og nasjonalt. Vidare vart det både same stad og i austre deler ved Straumen funne ålegras. Dette er ei sterkt salttolande plante som er mat for m. a. grasender og svane.

Øvervågen

Vatnet i Øvervågen smakar berre såvidt litt salt, og det er meir sparsamt med tang her. Brakkvasspollar er i utgangspunktet nøkkelbiotopar (DN-handboka). Strekninga frå Bjønnavika til rett nord for Knutkammen hadde rikelege førekomster av småhavgras på grunt vatn (0,2-0,7 m) og skruehavgras på litt djupare vatn (0,5-1,5 m). Desse artane fanst og i eit samanhengande belte frå utløpet av Ulsetelva og ca. 1 km nordaustover på sørsida. Småhavgras vart til og med funnen oppover ein stilleflytande bekk i strandengene ved utløpet av Ulsetelva. På nordsida av Øvervågen er det berre sjekka ved utløpet av elva frå Langvatnet. Her var det for bratt og steinet botn til at havgrasartane trivst, og dette gjeld truleg ein større del av nordsida enn det som vart undersøkt. På grunt vatn ved Bjønnavika vart det også funne trådtjønnaks. Dette er ein art som finst i brakkvatn og næringsrikt ferskvatn. Det vart ikkje observert teikn til forureining i strandsona i Øvervågen. Evt. oksygenvinn i djupare vasslag er ikkje undersøkt.

Nær utløpet av Ulsetelva vart det og funne daude skal av østers.

Ved utløpet av Ulsetelva var det strandenger og mudderfjøre, ein naturtype det er lite av i Tingvoll. Området kjem i kategorien brakkvassdelta, ein naturtype som er som nøkkelbiotop å rekna (jfr. DN-handboka). Også ca. 500 m aust for utløpet av Ulsetelva er det ei strandeng. Området vart undersøkt seint i sesongen, og det er derfor ikkje tatt noka full artsliste. Vanlege artar på strandengene var pølstorr, fjøresivaks og fjøresauløk. Det vart vidare funne elvesnelle, blåtopp, pors, myrsauløk og duskull. Desse engene fell under kategorien brakkvassenger.

OPPSUMMERING

Vassdraget som inneheld Storvatnet og Langvatnet

Langvatnet, Årøyvatnet og Asplivatnet er verna som naturreservat på grunnlag av fuglefauna, produktivitet og flora. Vass- og sumpvegetasjonen er studert i dei lågareliggjande delene av vassdraget. Vegetasjonen er stort sett vanleg og meir eller mindre typisk for distriktet.

Gulldusk er regionalt uvanleg, men har her ein bra bestand. Vidare er det ein bra bestand av svartor i området. Viktigaste konklusjonen av befaringa er at Langvatnet har for stor tilførsle av næringssalt, og at vestre delen av vatnet derfor er i ferd med å gro att. Når ein samanliknar dagens situasjon med økonomisk kart (etter foto tatt 1967) synest det som at 30-40 % av arealet vest for Bjørkås har grodd att med sumpvegetasjon, dels også busker og skog på desse 30 åra. Næringssalta kjem truleg i hovudsak frå jordbruk og hushaldningar.

Straumsvågen

Ved utløpet av Ulsetelva var det strandenger og mudderfjøre, ein naturtype det er lite av i Tingvoll. Utløpet av Ulsetelva i Øvervågen er eit brakkvassdelta og blir rekna som nøkkelbiotop. Øvervågen og Nervågen er brakkvasspollar, som også blir rekna som nøkkelbiotopar (DN-handboka).

I Straumsvågen vart det leita etter brakkvassplanter, som kan vera med å dokumentera verdiane til dette området. I både Nervågen og Øvervågen vart det påvist to artar - småhavgras og skruehavgras - som er eksklusivt tilknytte brakkvatn, og som er regionalt sjeldne. Skruehavgras er ein sjeldan art nasjonalt. Vidare er det i Nervågen funne ålegras fleire stader. Dette er ei salttolande plante som tener som føde for m. a. grasender og svane. I Øvervågen vart det også funne trådtjønnaks, som kan veksa i brakkvatn og næringsrikt ferskvatn.

Ulsetelva, Møkjavatnet og Kramlivatnet

Ulsetelva har framleis ein god bestand av elvemusling og er ein nøkkelbiotop med stor verdi. Elvemusling er ein raudlistearart som er sterkt sårbar for ureining, regulering og andre vassdragsinngrep. Vassdrag med gode bestandar av denne arten er uvanlege og verdifulle både regionalt og på landsplan. At bestanden framleis eksisterer tyder på god vasskvalitet, men det skal lite til av både nedslamming og ureining før dei forsvinn. Viktigaste trugs måla er ein kombinasjon av låg vassføring, næringssaltpåverknad, påfølgjande begroing, og nedslamming med m. a. daudt lauv eller finsediment. Ein bør t. d. unngå gravearbeid i alle deler av vassdraget. Fleire observasjonar tyder på at vassføringa kan vera i minste laget. Vassverket bør sørgja for både vårflo og haustflo i vassdraget. Ein bør vurderer å be vassverket å dokumentera tilhøva betre (konsekvensar av vassføring, overvaking av vasskvalitet, begroing, bestandsstorleik, rekruttering og bestandsendringar) for å sikra at bestanden av elvemusling ikkje blir skadelidande på lengre sikt. Kreosotpåverknad frå brua ved skytebanen er ein faktor som truleg ikkje trugar muslingbestanden, men det beste ville vera å ikkje ha denne påverknaden.

Vass- og sumpplantevegetasjonen er undersøkt i Kramlivatnet og Møkjavatnet, som begge har ein vanleg og typisk vegetasjon for fylket. Vegetasjonen i Kramlivatnet har innslag av nitrofile element, m. a. i innløpet. I Møkjavatnet er det også observert nitrofil vegetasjon. Begge vatna synest å vera noko påverka av næringstilførsel. Dette kan i neste omgang tenkjast å påverka heile den strekninga av Ulsetelva som har elvemusling. Ein bør vurderer tiltak for å begrensa den næringa som måtte koma frå desse to vatna.